



Hjelmås Mekaniske Verksted AS  
Leknesvegen 183  
5915 HJELMÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/315 - 18/12463

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:  
02.05.2018

## Mellombels løyve for lekter for fortøyning - gbnr 202/42 Hjelmås

### Administrativt vedtak. Saknr: 176/18

**Tiltakshavar:** Hjelmås Mekaniske Verksted AS

**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter pbl. § 20-4

### Tiltak

Saka gjeld søknad om vidareføring av mellombels løyve for plassering av lekter på 8 x 27 m, som vert brukt til fortøyning av større fartøy, i påvente av ny/utvida kai.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett då han vart motteken 27.01.2018. Sidan søknaden treng løyve frå hamnestyresmaktene, er sakshandsamingsfristen 12 veke, pluss den tida det tek å henta inn løyve frå BOH. Fristen er 12.05.2018

### Historikk og Planstatus

I 2013 og 2016 vart det gjeve mellombels løyve med dispensasjon frå kommuneplanen, i påvente av godkjent reguleringsplan. Den 20.11.2017 godkjende kommunestyret reguleringsplan for Hellesneset næringsområde, plan-id 1263-201410.

Tiltaket er plassert på areal sett av til *Hamneområde i sjø*, og er i samsvar med arealføremålet. Der det ikkje er vist byggegrenser i plankartet, går byggegrensa i føremåls grensa.

### Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

### Handsaming etter anna lovverk

**Bergen og Omland havnevesen** har forlenga sitt løyve etter hamnelova i brev datert 22.03.2018:

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733

Vi viser til Bergen og Omland havnevesens vedtak av 26.11.2013 vår referanse: 201311402 og forlenger herved tillatelsen med 2 nye år, jf. havne- og farvannsloven § 27, første ledd. Vedtaket er dermed gyldig til 22.03.2020.

#### **Nabovarsel**

Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS, Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS, Hjelmås Mekaniske Verksted AS skriv i søknaden:

*Vi søker også om fritak fra nabovarsel, da selve søknaden har vært nabovarslet ved to anledninger tidligere, samtidig som varsel/dialog med naboer har foregått underveis i planperioden. Med dette mener vi at berørte naboer er kjent med både gjeldende -og for så vidt også omfanget av kommende tiltak. (Vi vil selvsagt nabovarsle nye/kommende permanente tiltak i forut for byggesøknad).*

Kommunen er samd i vurderinga og godtek at denne søknaden ikkje er nabovarsla.

#### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 08.10.2015. Sidan tiltaket har same plassering som før , er det ikkje levert ny situasjonsplan

#### **Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve**

er vurdert i reguleringsprosessen.

#### **VURDERING**

##### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

##### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

er gjort i planprosessen.

##### **VEDTAK:**

Kommunen gjev mellombels løyve for to nye år, til oppankring av lekter med tilhøyrande fortøyingssinnretningar jf plan- og bygningslova (pbl) § 20-4.

Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal utførast etter situasjonsplan datert 08.10.2015.
2. Løyvet gjeld mellombels for to år, **til og med 03.05.2020**.  
Innan denne datoen skal tiltaket vera fjerna, og skriftleg melding og fotodokumentasjon om at det er utført, skal sendast til kommunen.
3. Dei ansvarlege for tiltaket skal sjå til at arbeida blir gjennomført i samsvar med gjeldande lov og regelverk. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 18/315**

**Ansvar**

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

**Bortfall av løyve**

*Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

**Avfall**

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*

**Mellombels bruksløyve/Ferdigattest**

*Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

**Kopi til:**

Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS    Leknesvegen 183    5915

HJELMÅS

**Mottakarar:**

Hjelmås Mekaniske Verksted AS    Leknesvegen 183    5915

HJELMÅS